



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, Møterom 1
Dato:	20.02.2019
Tid:	14.15 – 17.00

Medlemer som møtte:

Gerhard Furø	Leiar	
Stian Elveseter	Nestleiar	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	
Kristin Helsem Sævik	Medlem	

Forfall:

Ove Kåre Remøy	Medlem	

Varamedlemer som møtte:

Vara var innkalla, men møtte ikkje.		

Frå Vest kontroll møte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	
Karoline Sighaug	Konsulent	

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	

Frå Herøy kommune møte:

Olaus Jon Kopperstad	Rådmann	I sak 09/19

Gerhard Furø
LeiarStian Elvesæter
Nestleiar



SAKLISTE

- SAK 01/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/19 MELDINGAR
- SAK 04/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018
- SAK 05/19 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018
- SAK 06/19 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2019
- SAK 07/19 KONTROLLRAPPORT – ÅRSMELDING 2018
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN
- SAK 08/19 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 09/19 TILSETJINGSSAKER
- SAK 10/19 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT –
TENESTEYTING HEIMESJUKEPLEIE



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/19	033	24.01.2019	20.02.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 09/19 skal takast etter sak 01/19.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Stian Elveseter.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/19	049	24.01.2019	20.02.2019	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 21.11.2018.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 21.11.2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/19	033&17	13.02.2019	20.02.2019	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

Vedlegg 8-10 vart delt ut i møtet.

Vedlegg

1. Frå bladet Kommunal økonomi, desember 2018: «De nye reglene om rabatter i arbeidsforhold»
2. Sivilombudsmannen, publisert 08.01.2019 «Lukking av møter i kommunestyret og formannskapet».
3. Barneverntenesta si oversikt over tilsyn og oppfølging i 2018
4. Vestlandsnytt 1. februar 2019. Nytt interkommunalt samarbeid mellom Herøy, Vanylven og Ulstein, «Felles skattekontor».
5. Eigarskapskontroll rekneskapsåret 2017.
6. K- sak 13/19: Frita for politiske verv – Terje Krogset
7. Frå bladet Kommunal økonomi, desember 2018: Endringer i kommuneloven – med vekt på regnskapsrevisjon
8. E-post «Invitasjon til høring – ny kontrollutvalgs – og revisjonsforskrift».
9. E-post «FKT – høringsutkast – Veileder – kontrollutvalgets påse-ansvar ovenfor regnskapsrevisor».
10. Fagkonferanse og årsmøte 2019



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/19	033&58	28.01.2019	20.02.2019	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Herøy kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/heroy/Dmb#>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Formannskapet	13.11	20.11	06.12
Kommunestyret	25.10	06.12	12.12
Administrasjonsutvalet			
Arbeidsmiljøutvalet	15.10	19.11	
Eldrerådet	23.10	03.12	
Klageutvalet			
Plan og byggenemnd	08.11		
Valnemnd	20.09		
Valstyret			
Råd for msk med nedsett funksjonsevne	23.11		
Maritim og teknisk komite	15.10	19.11	
Komite for næring, kultur og idrett	15.10	19.11	
Komite for helse og omsorg	01.11	29.11	
Komite for oppvekst	17.10	01.11	21.11
Nemnd for vilt, fiske og friluft			
Ungdomsrådet			

Herøy Kulturhus
 SSR IKS STYRE
 SSR IKS RE

Sendt til leiar
 Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/19	033	24.01.2019	20.02.2019	KS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2018

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2018 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2018. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning



Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2018.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/19	033	04.02.2019	20.02.2019	KS

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet fastset møteplanen som framlegget.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2019 er det i tillegg til 20. februar sett opp møte 8. mai, 22. mai, 17. juni, 30. september og 4. november.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/19	232	18.02.2019	20.02.2019	JS

KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2018 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Samrøystes vedtak/uttale

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll for det som gjeld Herøy kommune for 2018.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2018 frå Skatteetaten, av 15.02.2019
- Årsmelding 2018 Skatteoppkrevjaren, av 21.01.2019
- Årsrekneskap 2018 for skatterekneskapen, av 21.01.2019
- Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll 2018, av 17.01.2019

Saksopplysning

Det vert vist til Kontrollrapporten frå Skatteetaten, Årsmelding frå Skatteoppkrevjaren, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgivarkontroll.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg Skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Intern kontroll. Ingen merknad frå Skatteetaten.
- Rekneskapen ferdig innan fastsett frist, 20.01.2019.
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen.
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane. Skatteetaten skriv at resultata er framifrå.

Ikkje tilfredsstillande:

- Det er ikkje utført arbeidsgivarkontroll i tilstrekkeleg omfang. Det var utført 2,5% (4% i 2017, 2,3% i 2016) kontrollar mot ei krav på 5%. Kontrollane er



utførde av den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2018 var kr. 270.116.442. I 2017 var den kr. 261.503.203. Dvs. ein auke på kr. 8.613.239, 3,3%.

Det kan stillast spørsmål om den interkommunale arbeidsgivarkontrollordninga er tilfredsstillande når dei ikkje greier å levere opp til målsetjinga på talet kontrollar.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/19	033&58	07.02.2019	20.02.2019	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019**Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Herøy kommune si heimeside - <https://innsyn.ssikt.no/heroy/Dmb#>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Formannskapet	22.01
Kommunestyret	31.01 21
Administrasjonsutvalet	
Arbeidsmiljøutvalet	14.01
Eldrerådet	21.01
Klageutvalet	
Plan og byggenemnd	07.01
Valnemnd	31.01
Valstyret	
Råd for msk med nedsett funksjonsevne	17.01
Ungdområdet	30.01
Maritim og teknisk komite	21.01
Komite for næring, kultur og idrett	24.01
Komite for helse og omsorg	24.01
Komite for oppvekst	16.01
Nemnd for vilt, fiske og friluft	17.01

Herøy Kulturhus
SSR IKS STYRE
SSR IKS RE

Sendt til leiar
Sendt til leiar



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/19	400	11.02.2019	20.02.2019	JS

TILSETJINGSSAKER

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek orientering/kommentarane i sakspapira og utfyllande opplysningar frå rådmannen i møtet til vitende.
2. Kontrollutvalet meiner at rådmannen kunne ha handtert rekrutteringssaka og pendlaravtalar på ein betre måte.
3. Kontrollutvalet stiller spørsmål om ikkje tilsetjingsreglementet og evt. økonomireglementet bør evaluerast/revurderast for å tilpassast seinare endringar.

Vedlegg

Rådmannen sitt notat til kommunestyret av 30.01.2019.

Spørsmål til kontrollutvalet frå Bjarne Kvalsvik og Rådmannen sitt notat i høve desse spørsmåla, datert 12.01.2019.

Notat frå rådmannen til formannskapet vedkomande Kaier på Mjølstadneset - i høve e-post.

Saksopplysningar

Kommunalsjef samfunnsutvikling/assisterande rådmann

Kontrollutvalet har fått innspel frå kommunestyrerepresentant Bjarne Kvalsvik/Folkelista om å sjå på problemstillingar i samband med rådmannen si tilsetjing av assisterande rådmann.

Ein viser også til mykje skrivi i Vestlandsnytt, særleg frå kommunestyrerepresentantane Kvalsvik og Runde, samt rådmannen, som eg reknar med medlemene har lese.

Ein har snakka med rådmannen som har gitt meg ei kortfatta oppsummering ut frå hans syn:

1. Stillinga som kommunalsjef samfunnsutvikling vart lyst ledig då Jarl Martin Møller slutta.
2. Etter 2 gongs utlysing søkte Andreas Nørve på stillinga og vart tilsett.
3. Rådmannen har i samsvar med tidlegare praksis fullmakt til å velje kven av kommunalsjefane han vil ha som nestkommanderande.
4. Rådmannen har fullmakt til å avtale at nestkommanderande har høve til å bruke tittelen assisterande rådmann.
5. Rådmannen har fullmakt til å forhandle løn for alle kommunalt tilsette.
6. Dersom det hadde stått klart i den første arbeidsavtalen at Nørve, i samsvar med utlysinga, skulle ivareta funksjonen som kommunalsjef samfunnsutvikling, meiner rådmannen at mykje av spørsmåla rundt tilsetjinga hadde vore avklara. Rådmannen meiner at dette var sjølv sagt, jfr utlysinga, men då det vart stilt spørsmål ved dette, fann rådmannen at det var like greitt at det vart presisert i den reviderte arbeidsavtalen.

Det som har bidrege til kritikken er rådmannen si handtering/ saksbehandling i rekrutteringsprosessen og tilsetjinga. Kontrollutvalet bør ikkje gå inn på dei politiske drøftingane av sjølve vilkåra.



Rådmannen har gjort greie for sine fullmakter til å inngå arbeidsavtaler i sitt notat av 30.01.2019 til kommunestyret:

«Reglementa for dei politiske organa og delegasjon til rådmannen vart sist vedtekne i kommunestyremøtet 18.02.16.

I reglementet for kommunestyret (K-sak 23/16) heiter det at kommunestyret vedtek sjølv:

«Kommunen si politiske organisering og hovudlinene i kommunen si administrative organisering og styring»

I reglementet for formannskapet (K-sak 24/16) heiter det at formannskapet skal kome med innstilling til kommunestyret når det gjeld:

«Kommunen si politiske organisering og hovudlinene i kommunen si administrative organisering og styring»

I delegasjonen til rådmannen (K-sak 27/16) heiter det:

«Rådmannen har tilsetjingsmynde for alle stillingar der slikt mynde ikkje er lagt til andre ved lov eller reglement.

Rådmannen gjer vedtak i alle personalsaker innanfor dei retningsliner som administrasjonssjefen eller kommunestyret vedtek»

Det går fram av kommunelova § 22 at kommunestyret skal tilsetje rådmannen (administrasjonssjefen)».

Det kan vere vanskeleg å hevde at rådmannen har brote gjeldande delegeringsfullmakt. Sjølv lovkravet er at kommunestyret skal tilsetje rådmann. Det er då ikkje eit lovkrav at kommunestyret skal stå for tilsetjingar i andre stillingar.

Det som kan stillast spørsmål om er sjølv rekrutteringsprosessen, om den var god nok eller burde vore gjort på ein annan måte. For eksempel teke med i utlysinga av kommunalsjefstillinga at ass. rådmannsfunksjonane kan verte lagt til stillinga (for den rette søkjaren).

Rådmannen kunne handtert denne rekrutteringssaka på ein betre måte og bør ta læring for å ikkje skade kommunen sitt omdøme.

Ein ser at rådmannen har orientert formannskapet og kommunestyret. Det har vore reist kritiske merknader frå enkelte medlemmer, men organa har ikkje gjort noko vedtak om kritikk til rådmannen for hans handtering, noko dei har hatt høve til.

Kontrollutvalet har høve til å gå tilbake til kommunestyret å rette spørsmål om ein skal jobbe vidare med avklaringar i høve tilsetjinga. Men ein kan stille spørsmål og det har noko hensikt no.

Kontrollutvalet kan og sjølv velje å gå vidare i saka.

Vilkår for kommunalsjef stab

Her opplyser rådmannen at denne kommunalsjefen har fått ein midlertidig avtale, som har 3 månad oppseing frå begge partar.



Rådmannen vil gi meir informasjon på møtet. Han vil bl.a. leggje fram pendlaravtalen han har inngått med kommunalsjefen.

Kaier på Mjølstadneset og E-post og journalføring

Bjarne Kvalsvik har også gjort merksam på at e-post som skulle vere motteken i kommunen den 29.11.2018 først vart journalført 20.12.2018, når Kvalsvik, etter det han skriv, gjorde merksam på den.

Eg har snakka med rådmannen som uttalar:

1. E-posten vart journalført 29.11.2018, same dagen som e-posten vart motteken.
2. E-posten låg som referatsak til møtet i formannskapet 12.12.18, sjå RS-sak 63/18. Møteinnkallinga med referatsaker vart send formannskapet 05.12.18
3. E-posten vart publisert på kommunen si postliste 20.12.2018.

Rådmannen meiner at det ikkje grunnlag for å hevde at publiseringa av e-posten bevisst var halde tilbake i og med at e-posten var med i utsendinga til formannskapet 05.12.2018.

Kontrollutvalet har ingen midlar for å kunne bekrefte eller avkrefte om uttalen frå rådmannen er rett. Ein har såleis ikkje grunnlag for å hevde at e-posten vart tilbakehalden med hensikt.

Vidare saksbehandling

Rådmannen er kalla inn til møtet for å kunne svare på spørsmål og å gi utfyllande forklaringar.

Ein finn vanskeleg å kome med forslag til vedtak i saka før rådmannen har svara på spørsmål og gitt utfyllande forklaring.

Etter dette må kontrollutvalet avgjere om ein skal avsluttast saka no, om ein skal gjere vidare undersøkingar eller be kommunestyret avgjere om kontrollutvalet skal arbeide vidare med saka.

I møtet

Oddbjørg Remøy stilte spørsmål om sin habilitet, då ho tidligare har jobba tett saman med Olaus-Jon Kopperstad. Kopperstad var då ikkje rådmann.

Remøy gikk frå og utvalet vurderte hennar habilitet.

Kontrollutvalet fann ikkje Oddbjørg Remøy inhabil og ho kom tilbake til møtet igjen.

Rådmannen orienterte og svara på spørsmål. Han gikk etter på frå møtet.

Kontrollutvalet fatta så vedtak i saka.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/19	217	11.02.2019	20.02.2019	JS

PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT TENESTEYTING HEIMESJUKEPLEIE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeide forvaltningsrevisjonsprosjekt Tenesteyting i heimesjukepleie i samsvar med prosjektplanen.

Vedlegg

Prosjektplan – Tenesteyting i heimesjukepleie. Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.



Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 38/18 vedtak om at revisjonen skal utføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på helse/pleie/omsorg, og ber revisjonen utarbeide prosjektplan til neste møte, då med utgangspunkt i diskusjonane (heimesjukepleia) i møtet.

Prosjektplanen ligg no føre med slik problemstilling:
Yter heimesjukepleia tenester i samsvar med enkeltvedtak.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Rådmann til orientering.
Ordførar til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.